

Protokoll nr. 4/2018**Styremøte 13. juni 2018**

Tilstades: X

Styremedlemmar:

- X Ingve Theodorsen, styreleiar
- X May Helen Molvær Grimstad, nestleiar
- X Toril Forbord
- X Bjarne Storset
- X Nils Kvernmo
- X Jan Arve Antonsen
- X Anette Lekve
- X Mikal Gjellan

Frå administrasjonen møte:

Adm.direktør Espen Remme
styresekretær Hilde Amundsen Flø

Konst. fagdirektør Torstein Hole
Konst. HR-direktør Ketil Hjelset
Økonomidirektør Heidi Nilsen
Ass. direktør Helge Ristesund
Klinikksjef Kjersti Bergjord, Klinikk for akuttbehandling
Kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim
Klinikksjef Mona Aagaard-Nilsen, Klinikk for drift og eigedom
Klinikksjef Karl Arne Remvik
Kommunikasjonsrådgjevar Guri Viken.
Sjukehuskoordinator Knut Nautvik
Prosjektsjef SNR Ketil Gaupset

Frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF:

Ingrid Løset og Anne Grete Mogstad.

Styremøte var holdt på Styrerommet (Storhornet) i adm.bygget i Ålesund og starta kl. 12:00.

I forkant av styremøtet fekk styret omvisning ved desse avdelingane ved Ålesund sjukehus; Akuttmottaket, Intensivavdelinga, Kreftavdelinga og Klinisk forskingspost.

Styreleiar Ingve Theodorsen åpna styremøtet og ønska alle velkommen.

Dokumenter utdelt til møtet:

Sak 28/2018 – Referatsaker:

- Referat frå møte i Brukarutvalet
- Referat frå møte i AMU

Sak 30/2018 - Vedlegg 02 - Drøftingsprotokoll - Langtidsbudsjett Helse Møre og Romsdal 2019-2030

Styret behandla følgjande saker i møte:

Sak 26/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste.

Sak 27/2018 Orienteringssaker

- Orientering frå adm. direktør
 - Konst.fagdirektør Torstein Hole, rekrutteringsprosess fagdirektør HMR er i gang.
 - Jorun Bøyum er konst.klinikkisjef Klinikk for medisin og rehabilitering.
 - Norsk sykepleiarforbund (NSF) har kåra Ingunn Klokk, sjukepleiar ved Volda sjukehus til årets sjukepleiar og Ola Dagfinn Boksasp, seksjonsleiar ved intensivseksjonen i Kristiansund, til årets sjukepleieleiar 2018 i Møre og Romsdal - Vi gratulerer"
 - DMS-Kristiansund, tilsett Ann Iren Kjønnøy som prosjektleiar.
 - Operatørskifte luftambulansse frå Lufttransport RW AS til Norsk Luftambulansse AS
 - Kva er viktig for deg ? Dagen 6. juni - tilbakemeldingane vil bli lagt på intranettsida til helseforetaket.
 - Bjarte Jensen er tilsatt som sjukehuskoordinator ved Ålesund sjukehus.
 - To disputas i juni.
- Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal Runar Finvåg
- Forbettringshistorie v/smittevernoverlege Jørn-Åge Longa - Antibiotikaforbruk HMR
- Forskings- og innovasjonsmeldinga for Helse Møre og Romsdal HF 2017 v/Forskingsisjef Berit Kvalsvik Teige
- Sjukefråvær i Helse Møre og Romsdal v/konst.HR-direktør Ketil Hjelset
- ForBedring

Innstilling:

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

Sak 28/2018**Referatsaker – uten saksframlegg**

- Referat frå Brukarutvalet 12.06.2018
- Referat frå AMU 12.06.2018
- Protokoll styremøte i Helse Midt-Norge 26. april 2018
- Protokoll foretaksmøte 27. april
- Protokoll Overordna samhandlingsutval 23. mai 2018
- Brev ang. samarbeid med interkommunal legevakt på Søre Sunnmøre

Sak 29/2018**Statusrapport pr. 1. tertial 2018 -kvalitet- økonomi og aktivitet****Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten for 1. tertial til orientering
2. Styret for Helse Møre og Romsdal ber adm. dir halde fram arbeidet for å sikre budsjettbalanse i 2018 og ber om at det blir lagt fram ei sak hausten 2018 som omhandlar tenesteinnhald og struktur som gir HMR langsiktig fagleg, kompetansemessig og økonomisk berekraft. Saka må sjås i samanheng med lokal og regional utviklingsplan.

Protokoll:

Styreleiar la inn forslag til tilleggspunkt 3:

"Styret ber adm.dir på neste styremøte presentere status på kortsiktige og langsiktige tiltak for å redusere ventetida innan Barne og ungdomspsykiatri (BUP)."

Votering:

Styret stemte samrøysta på punkt 1 og 2 i innstillinga samt forslag til tilleggspunkt 3 frå styreleiar.

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten for 1. tertial til orientering
2. Styret for Helse Møre og Romsdal ber adm. dir halde fram arbeidet for å sikre budsjettbalanse i 2018 og ber om at det blir lagt fram ei sak hausten 2018 som omhandlar tenesteinnhald og struktur som gir HMR langsiktig fagleg, kompetansemessig og økonomisk berekraft. Saka må sjås i samanheng med lokal og regional utviklingsplan.

3. Styret ber adm.dir på neste styremøte presentere status på kortsiktige og langsiktige tiltak for å redusere ventetida innan barne- og ungdomspsykiatri (BUP).

Sak 30/2018

Langtidsbudsjett Helse Møre og Romsdal 2019-2030

Innstilling:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtek langtidsbudsjettet for Helse Møre og Romsdal for perioden 2019-2030, og sluttar seg til adm. direktør si vurdering av føresetnadane som er innarbeid.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal viser til vedtakspunkt 2 i sak 29/2018 «Statusrapport pr. 1. tertial 2018 -kvalitet- økonomi og aktivitet» og understreker at skissert omstilling må til for å sikre økonomisk bærekraft i langtidsperioden.
3. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber om utvida driftskreditt frå HMN RHF for å kunne gjennomføre planlagde investeringar i perioden.

Protokoll:

- Styreleiar la inn forslag om tillegg i pkt. 2 i innstillinga:
"Styret for Helse Møre og Romsdal ber adm. dir halde fram arbeidet for å sikre budsjettbalanse i 2018 og ber om at det blir lagt fram ei sak hausten 2018 som omhandlar tenesteinnhald og struktur som gir HMR langsiktig fagleg, kompetansemessig og økonomisk berekraft. Saka må sjås i samanheng med lokal og regional utviklingsplan."
- Styret la fram forslag om tilleggspunkt i innstillinga som første punkt (1):
"Styret konstaterer at dei økonomiske rammevilkåra blir krevjande i heile langtidsperioden og vil understreke at intern effektivisering aleine ikkje er tilstrekkeleg for å møte utfordringane."

Votering:

Styret stemte samrøysta i forslag om endring i pkt. 2 og tilleggspunkt (1)

Pkt 1 i innstillinga vert då pkt. 2 og vidare.

Vedtak:

1. Styret konstaterer at dei økonomiske rammevilkåra blir krevjande i heile langtidsperioden og vil understreke at intern effektivisering aleine ikkje er tilstrekkeleg for å møte utfordringane.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtek langtidsbudsjettet for Helse Møre og Romsdal for perioden 2019-2030, og sluttar seg til adm. direktør si vurdering av føresetnadane som er innarbeid.

3. Styret for Helse Møre og Romsdal viser til vedtakspunkt 2 i sak 29/2018 «Statusrapport pr. 1. tertial 2018 -kvalitet- økonomi og aktivitet» og understreker at skissert omstilling må til for å sikre økonomisk bærekraft i langtidsperioden.

Styret for Helse Møre og Romsdal ber adm. dir halde fram arbeidet for å sikre budsjettbalanse i 2018 og ber om at det blir lagt fram ei sak hausten 2018 som omhandlar tenesteinnhald og struktur som gir HMR langsiktig fagleg, kompetansemessig og økonomisk berekraft. Saka må sjås i sambheng med lokal og regional utviklingsplan.

4. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber om utvida driftskreditt frå HMN RHF for å kunne gjennomføre planlagde investeringar i perioden.

Sak 24/2018

Møteplan 2019

Innstilling:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtek følgjande møteplan for 2017:

onsdag 20. februar 2019
 onsdag 27. mars 2019
 Onsdag 15. mai 2019
 Onsdag 12. juni 2019
 Onsdag 25. september 2019
 Onsdag 23. oktober 2019
 Onsdag 13. november 2019
 Onsdag 11. desember 2019

2. Administrasjonen får fullmakt til å setje opp møtestad.

Protokoll:

Administrasjon endra innstillinga gjeldande møte 22. mai til 15. mai 2019.

Votering:

Styret stemte samrøysta.

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtek følgjande møteplan for 2017:

onsdag 20. februar 2019
 onsdag 27. mars 2019
 Onsdag 15. mai 2019
 Onsdag 12. juni 2019
 Onsdag 25. september 2019
 Onsdag 23. oktober 2019
 Onsdag 13. november 2019
 Onsdag 11. desember 2019

2. Administrasjonen får fullmakt til å setje opp møtestad.

Sak 32/2018 SNR-Anbudsprosess

1. Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) skal realiserast i tråd med vedtak og intensjonar som ligg i forprosjektet.
2. Styret konstaterer at pristilboda som er levert, og som er gjennomarbeida i forhandlingar med leverandørane, er langt høgare enn forventa.
3. Styret vedtek derfor at HMR avlyser anbuds konkurransen «*Akuttsykebus på Hjelset*», med formell grunngjeving i Forskrift for offentlig anskaffelser (anskaffelsesforskriften) av 01.01.17. § 25-4 (1): *Oppdragsgiveren kan avlyse konkurransen med øyeblikkelig virkning dersom det foreligger en saklig grunn.*
4. På grunn av avstanden mellom prosjektet sitt økonomiske styringsmål og dei innkomne tilboda vil dette føre til ei forseinking i byggestart for SNR Hjelset på om lag eitt år. Styret ber adm.dir. om å sikre at planleggingsarbeidet held fram slik at ein sikrar unødige forseinkingar.
5. Styret ber styreleiar og adm. dir. om å gå i dialog med eigar Helse Midt-Norge RHF om vegen vidare, og om å legge fram ei styresak på eit styremøte etter sommaren.

Votering:

Styret stemte samrøysta på alle punkta i innstillinga.

Vedtak:

1. Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) skal realiserast i tråd med vedtak og intensjonar som ligg i forprosjektet.
2. Styret konstaterer at pristilboda som er levert, og som er gjennomarbeida i forhandlingar med leverandørane, er langt høgare enn forventa.
3. Styret vedtek derfor at HMR avlyser anbuds konkurransen «*Akuttsykebus på Hjelset*», med formell grunngjeving i Forskrift for offentlig anskaffelser (anskaffelsesforskriften) av 01.01.17. § 25-4 (1): *Oppdragsgiveren kan avlyse konkurransen med øyeblikkelig virkning dersom det foreligger en saklig grunn.*
4. På grunn av avstanden mellom prosjektet sitt økonomiske styringsmål og dei innkomne tilboda vil dette føre til ei forseinking i byggestart for SNR Hjelset på om lag eitt år. Styret ber adm.dir. om å sikre at planleggingsarbeidet held fram slik at ein sikrar unødige forseinkingar.
5. Styret ber styreleiar og adm. dir. om å gå i dialog med eigar Helse Midt-Norge RHF om vegen vidare, og om å legge fram ei styresak på eit styremøte etter sommaren.

Sak 33/2018

Godkjenning av protokoll 04/18 frå møte 13. juni 2018


Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll 04/18 frå møte 13. juni 2018.


Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll 04/18 frå møte 13. juni 2018.

Møtet slutt kl.




Ingve Theodorsen
styreleiar




May Hellen Molvær Grimstad
nestleiar



Bjarne Storset



Toril Forbord



Nils Kvernmo



Mikal Gjellan



Jan Arve Antonsen



Anette Lekve